

KOMMISJONSAVGJERD

2015/EØS/76/78

av 27. august 2010

om mellombels marknadsføring av visse sortar av *Avena strigosa* Schreb. som ikkje er førte opp i den felles sortslista for jordbruksvekstar eller i dei nasjonale sortslistene i medlemsstatane

[meld under nummeret K(2010) 5835]

(2010/468/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 66/402/EØF av 14. juni 1966 om markedsføring av såkorn⁽¹⁾, særleg artikkel 17 nr. 1, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I kommisjonsdirektiv 2009/74/EF av 26. juni 2009 om endring av rådsdirektiv 66/401/EØF, 66/402/EØF, 2002/55/EF og 2002/57/EF med hensyn til botaniske navn på planter, vitenskapelige navn på andre organismer og visse vedlegg til direktiv 66/401/EØF, 66/402/EØF og 2002/57/EF i lys av den vitenskapelige og tekniske utvikling⁽²⁾ er arten *Avena strigosa* Schreb. (heretter kalla «*A. strigosa*») ført opp som ein sjølvstendig art som skal takast med i lista over artar som er omfatta av direktiv 66/402/EØF.
- 2) *A. strigosa* er ein vekst som har vist seg å vere blant dei mest effektive til å redusere jorderosjon, utlekning av nitrogen, særleg av nitrat frå landbruket, og han er ein viktig del av frøblandingar til fôr. Ifølgje opplysningar som er lagde fram av styresmaktene i seks medlemsstatar (Belgia, Frankrike, Tyskland, Italia, Spania og Portugal), har etterspurnaden etter frø frå denne arten auka vesentleg i Unionen dei siste åra, særleg i desse medlemsstatane.
- 3) Før direktiv 2009/74/EF tok til å gjelde og før *A. strigosa* vart teken med blant dei artane som er omfatta av direktiv 66/402/EØF, var marknaden sikra forsyning gjennom nasjonal produksjon og hovudsakleg ved at frø frå denne arten vart importerte frå tredjestatar i samsvar med den nasjonale lovgjevinga som galdt på det tidspunktet. Etter

oppføringa av *A. strigosa* i lista over artar som er omfatta av direktiv 66/402/EØF, er det berre frøa frå dei sortane som er førte opp i den felles sortslista for jordbruksvekstar, som kan marknadsførast og importerast.

- 4) Sidan *A. strigosa* vart ført opp i lista over artar som er omfatta av direktiv 66/402/EØF, er det berre registrert to sortar av denne arten i den felles sortslista for jordbruksvekstar.
- 5) I lys av desse omstenda har det oppstått mellombels vanskar med den alminnelege forsyninga av *A. strigosa*, noko som er venta å halde fram. Desse vanskane kan berre løysast ved at medlemsstatane i eit visst tidsrom tillèt marknadsføring av ei høveleg største mengd av sortar av *A. strigosa* som ikkje er førte opp i den felles sortslista for jordbruksvekstar eller i dei nasjonale sortslistene i medlemsstatane.
- 6) Medlemsstatane bør difor få løyve til mellombels å tillate marknadsføring av slike frø på visse vilkår og med visse avgrensingar og utan at det rører ved strengare føresegner som gjeld førekomsten av *Avena fatua* i såkorn som Danmark, Estland, Finland, Irland, Latvia, Litauen, Malta, Nederland, Sverige og Nord Irland i Det sameinte kongeriket kan nytte i medhald av dei relevante kommisjonsavgjerdene.
- 7) Dei opplysningane som Kommisjonen har fått frå medlemsstatane tyder på at det i eit tidsrom fram til 31. desember 2010 trengst til saman 4970 tonn for å løyse desse forsyningsvanskane (Belgia 300 tonn, Frankrike 3700 tonn, Tyskland 200 tonn, Italia 220 tonn, Spania 300 tonn og Portugal 250 tonn). For å sikre at desse frøa har tilstrekkeleg god kvalitet bør dei minst oppfylle dei krava som er fastsette i vedlegg II til direktiv 66/402/EØF med omsyn til spireevne, reinleik og innhald av frø frå andre planteartar i klassen «sertifiserte frø av andre generasjon» av *A. strigosa*.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 226 av 28.8.2010, s. 46, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 64/2011 av 1. juli 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitere forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 54 av 6.10.2011, s. 22.

⁽¹⁾ TEF 125 av 11.7.1966, s. 2309/66.

⁽²⁾ TEU L 166 av 27.6.2009, s. 40.

- 8) Éin medlemsstat bør sikre at den frømengda som medlemsstatane har tillate marknadsføring av i medhald av denne avgjerda, ikkje overstig den største samla mengda på 4970 tonn som er naudsynt for å løyse forsyningsvanskane. I tråd med oppmodingane frå dei seks medlemsstatane bør Frankrike difor vere einekoordinator. For å sikre at det systemet som er fastsett i denne avgjerda verkar på ein tilfredsstillande måte, er det vidare naudsynt at den koordinerande medlemsstaten, dei andre medlemsstatane og Kommisjonen straks utvekslar relevante opplysningar om søknader om og tildeling av marknadsføringsløyve.
- 9) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og skogbruk —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

1. Marknadsføringa i Unionen av frø frå sortar av *A. strigosa* som ikkje er førte opp i den felles sortlista for jordbruksvekstar eller i dei nasjonale sortlistene i medlemsstatane, skal tillatast fram til 31. desember 2010 på dei vilkåra som er nemnde i nr. 2–5.
2. Den samla mengda frø som er tillaten for marknadsføring i Unionen i medhald av denne avgjerda, skal ikkje overstige 4970 tonn.
3. Dei frøa som er nemnde i nr. 1, skal oppfylle dei krava som er fastsette i vedlegg II til direktiv 66/402/EØF med omsyn til spireevne, reinleik og innhald av frø frå andre planteartar i klassen «sertifisert frø av andre generasjon» av *A. strigosa*.
4. Utan at det rører ved krava til merking i direktiv 66/402/EØF, skal den offisielle etiketten vere påført opplysningar om at dei aktuelle frøa tilhører ein klasse som oppfyller mindre strenge krav enn dei som er fastsette i det nemnde direktivet, og at den klassen er lågare enn klassen «sertifiserte frø av andre generasjon». Fargen på etiketten skal vere brun.
5. Marknadsføring av dei frøa som er nemnde i nr. 1, skal tillatast etter søknad i samsvar med artikkel 2.

Artikkel 2

Ein leverandør av frø som ønskjer å bringe dei frøa som er nemnde i artikkel 1 nr. 1 i omsetning, skal søkje om løyve i den medlemsstaten der han/ho er etablert, eller i den medlemsstaten der han/ho ønskjer å bringe frøa i omsetning. Det skal gå fram av søknaden kor store mengder frø som leverandøren ønskjer å bringe i omsetning.

Den aktuelle medlemsstaten skal gje leverandøren løyve til omsetning av den frømengda som er ført opp i søknaden, med mindre:

- a) det er sterk tvil om at leverandøren er i stand til og aktar å bringe den frømengda som han/ho har søkt om løyve til, i omsetning, eller
- b) dei opplysningane som er lagde fram av den koordinerande medlemsstaten som nemnt i artikkel 3 tredje leddet, tyder på at tildeling av løyve vil føre til at den største samla frømengda som er nemnd i artikkel 1 nr. 2, vert overskriden, eller
- c) vilkåra med omsyn til spireevne, reinleik og innhald av frø frå andre planteartar som nemnt i artikkel 1 nr. 3, ikkje er oppfylte.

Med omsyn til bokstav b) kan den aktuelle medlemsstaten, dersom den fastsette største samla mengda inneber at det berre kan gjevast løyve for ein del av den mengda som er ført opp i søknaden, gje leverandøren løyve til å bringe denne mindre mengda i omsetning.

Artikkel 3

Ved gjennomføringa av denne avgjerda skal medlemsstatane gje kvarandre administrativ hjelp.

Frå og med datoen då denne avgjerda tek til å gjelde og fram til 31. desember 2010 skal Frankrike fungere som koordinerande medlemsstat for å sikre at den frømengda som medlemsstatane har gjeve marknadsføringsløyve for i Unionen i medhald av denne avgjerda, ikkje overstig den største samla frømengda som er nemnd i artikkel 1 nr. 2.

Medlemsstatar som mottok ein søknad etter artikkel 2, skal straks melde frå til den koordinerande medlemsstaten om den mengda som er ført opp i søknaden. Den koordinerande medlemsstaten skal straks informere denne medlemsstaten om marknadsføringsløyva vil føre til at den største samla frømengda vert overskriden, eller ikkje.

Artikkel 4

Medlemsstatane skal straks melde frå til Kommisjonen og dei andre medlemsstatane om kor store mengder frø som det er gjeve løyve til å marknadsføre i medhald av denne avgjerda.

Artikkel 5

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 27. august 2010.

For Kommisjonen

John DALLI

Medlem av Kommisjonen